


NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Norsk Ordbok på nett: Utfordringer og løysingar	
Forfatter:	Sturla Berg-Olsen & Åse Wetås	
Kilde:	Nordiska Studier i Lexikografi 11, 2012, s. 115-127 Rapport från Konferens om lexicografi i Norden, Lund 24.-27. maj 2011	
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive	

© Nordisk forening for lexicografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i lexicografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Norsk Ordbok på nett: Utfordringar og løysingar

Sturla Berg-Olsen & Åse Wetås

Norsk Ordbok (abbreviated NO) is a scientific dictionary covering Norwegian in its written Nynorsk form and all spoken dialects. The dictionary is under production and will be finished in 12 volumes in 2014. The work on NO began in 1930, and the first volume was published in 1966. From 2002 the project organization NO 2014 has been working towards the completion of the dictionary, all the time on the premise that the final product will be a printed dictionary. Over the last few years a growing number of dictionaries have been published in an electronic format on the World Wide Web – either as a supplement to or an alternative to a printed edition. We see a development where more and more lexicographical products are exclusively published in an electronic form. This format renders possible a more user-friendly search functionality and more flexible ways of displaying dictionary entries. In addition, the format makes it fairly easy to link lexicographical resources with other existing, relevant electronic resources (cartographic data, source texts, encyclopaedic resources etc.). We at NO 2014 would also like to publish our dictionary electronically, but we have found ourselves faced with certain lexicographical challenges that have to be looked into in more detail. In this article we discuss some of the problems encountered in the work on the online version of NO, with particular emphasis on search mechanisms.

NØKKEWORD: e-leksikografi, eittspråklege ordbøker, søkjemekanismar, dialektordbøker

1. Innleiing

Norsk Ordbok (NO) er ei vitskapleg dokumentasjonsordbok som dekkjer det nynorske skriftspråket og det norske folkemålet. Ordboka er under produksjon og skal vere ferdig i 12 band til 200-årsjubileet for den norske Grunnlova i 2014. Arbeidet med NO blei starta i 1930, og det første bandet av ordboksverket kom ut i 1966. Frå 2002 har prosjektorganisasjonen Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) arbeidd med ferdigstillinga av ordboksverket, og det har heile tida vore føresetnaden at verket skulle gjevast ut på papir. Dei seinaste åra har fleire

og fleire ordbøker blitt publiserte elektronisk på nettet, anten som supplement til ei prenta utgåve eller som eit alternativ til prenting. Utviklinga går i retning av at stadig fleire leksikografiske arbeid utelukkande blir publiserte elektronisk. Dette opnar for meir brukarvenleg søkjefunksjonalitet og fleksibel artikkelvisning, og det elektroniske publiseringsformatet legg også til rette for ei samankopling av dei leksikografiske ressursane med andre tilgjengelege og relevante elektroniske ressursar (kartdata, grunnlagskjelder, ensyklopediske ressursar osv.). I NO 2014-organisasjonen ønskjer vi òg å publisere ordboksverket på nett, men dette publiseringsmediet utløyser ein del leksikografiske utfordringar som må diskutertast meir i detalj. I denne artikkelen kjem vi nærare inn på nokre av problemstillingane vi har drøfta i arbeidet med ei nettutgåve av ordboka, og då spesielt spørsmål som gjeld søkjemekanismar.

2. Bakgrunn¹

NO dekkjer både det norske folkemålet (dvs. alle dei norske dialektane) og nynorsk skriftspråk frå 1860-talet og fram til i dag. Dette gjer at vi trygt kan ta utgangspunkt i at ordboksverket har eit samansett publikum. Mange potensielle brukarar vil primært vere interesserte i å hente ut informasjon om ord i eigen dialekt, medan andre kan vere på leit etter ulike nemningar for eit gjeve fenomen, eller etter eldre skriftspråklege belegg av eit gjeve ord. Eit mål vi har sett oss i arbeidet med ein nettversjon av ordboka, er at brukarane både skal få dei rette forventningane til kva dei kan finne i NO, og at dei samstundes får god rettleiing til å finne det dei leiter etter.


Artikkelmaterialet i NO bruker 1938-normalen for nynorsk som redaksjonell målform, med nokre mindre modifikasjonar som ikkje er så viktige i denne samanhengen. Dei formene frå 1938-normalen som er valde ut, ligg stort sett ikkje så langt frå ein moderne midtlinenynorsk, men normalen skil seg frå dagens nynorsk på nokre punkt. T.d. har substantivet *jente* oppslagsforma *gjente* i NO.² Ordboka tek utgangspunkt i at nynorsk skriftspråk og norske talemål er to sider av ei og same sak, eller siamesiske tvillingar, om ein vil. Det inneber at den redaksjonelle handsaminga av ord som berre er dokumentert nytta dialektalt, også kan få ei normert nynorsk form. Den nynorske forma slike ord får i NO, følgjer 1938-normalen. Døme på dette er belegga bak substantivet *myse-*

¹ Viss information i nedanstående figurer har gått förlorad på grund av svart-vitt tryck istället för färg (red:s anm.).

² Mellom dei sentrale systemdraga i NO-nynorsken er *a*-infinitiv, supinum på *-i* (*skriv*, *les*) og adjektivendinga *-ut* (*strip**ut*, *rugl**ut*).

prim, der mange har form /møsbrøm/, eller substantivet *matgjerd*, som finst i mange dialektar som /maje/ eller /majæ/.

For at tilhøvet mellom normert nynorsk oppslagsform og talemålsvariantane som ligg under skal komme til uttrykk, blir målføreformene gjevne att i ein eigen del av artikkelen. Her er det berre avvik ut over det som er heilt regelbunde, som blir gjevne att. Det inneber at vanlege, utbreidde former ofte ikkje blir gjorde greie for i artiklane. Til grunn for det ligg det ein føresetnad om at brukarane kjenner til regelbundne målføredrag (slik som lenisering av *p*, *t*, *k* til *b*, *d*, *g* i Sør-Rogaland og Agder, jf. figur 1).




Figur 1. NO-artikkel (i papirversjon) med normaluttale og målføreopplysningar.

I artikkelen **pelefykert** kjem opplysningar om normaluttale av ordet først i den innleiande parentesen med skarpe klammer («hakeparentesen»). Grunnen til at det er ført den typen opplysningar i *pelefykert*-artikkelen, er at trykkplasseringa er avvikande frå den som er den vanlege i norsk. Etter opplysningane om normaluttale følgjer registrert målførevariasjon. Belegga frå Rogaland gjer greie for uttalen /pilyf:grt/. Dette området har lenisering, men i og med at dét målføredraget blir rekna for å vere sjølvgjeve, blir det ikkje gjort greie for i NOs framstilling.

Derimot representerer ikkje *e > i* i førsteleddet av dette ordet eit regelbunde målføredrag, og målføreopplysninga *pile-* blir difor førd. Målføreformer som ikkje er sjølvgjevne, blir førde inn i hakeparentesen i ordartiklane med geografisk plassering på heradsnivå. Heradssystemet reflekterer kommuneinndelinga i Noreg slik ho var før dei store kommunesamanslåingane på 1960-talet.

Vidare fører NO heimfesting av ordtydingar i tydingsdelen av ordartiklane. I den elektroniske redigeringsapplikasjonen blir heimfestingane førde i eit eige felt knytt til den aktuelle definisjonsteksten. I prenta artiklar kjem dette inn som opplysningar i parentes etter definisjonane (jf. figur 2 nedanfor). Dette er aktuelt i alle dei tilfella der ordtydinga ikkje er vanleg over heile landet. For ordtydingar som er ålment utbreidde, blir det ikkje ført heimfestingar.



Figur 2. Pilene viser heimfestingar av ordtyding.

NO i prenta versjon er tilgjengeleg for tingarar og gjennom forskings- og folkebibliotek som har verket i boksamlinga si. Når vi nå presenterer ordartiklane i ei nettbasert ordbok, er det rimeleg å vente at gruppa av potensielle brukarar av verket blir mykje større. Fordi ordboka i nettversjon møter ei stor og samansett brukargruppe, er det viktig å gjere artikkelpresentasjonen på nett så brukarvennleg som mogleg. Det aller viktigaste å sikre då, er at brukarane så langt som råd får treff som svarer til det dei faktisk ønskte å søkje på. For ei ordbok som presenterer analysar av både talemålsmateriale og materiale frå skriftspråkelege kjelder, er utfordringa endå større enn for dokumentasjonsordbøker som berre dekkjer den eine av desse kjeldetypane.

Det vi ønskjer for nettversjonen av NO, er at brukaren ikkje berre skal kunne søkje på oppslagsord, men også søkje i fritekst eller på geografisk stad ned til heradsnivå. For å sikre mest mogleg relevante treff, ønskjer vi vidare at brukaren også skal kunne søkje seg inn i ferdige ordartiklar gjennom dei koplingane som finst mellom ordartiklar og grunnlagsmateriale. Der er koplingspunktet NOs Metaordbok.

Metaordboka er ein elektronisk indeks der materiale frå ulike materialdatabasar er samla. Dette omfattar mellom anna NOs setelarkiv, Trønderarkivet, grunnmanuskriptet til NO, *Nynorskordboka* (NOB), *Bokmålsordboka* (BOB), Matias Skards *Nynorsk ordbok* (1954) og ei rekkje kjelder som ligg inne i Ordbokshotellet.³ Belegg frå desse kjeldene er i Metaordboka samla under normerte oppslagsord og grovlemmatiserte.⁴

Det er Eining for digital dokumentasjon (EDD) ved Universitetet i Oslo som står bak NOs redigeringsapplikasjon, og EDD står også for utviklingsarbeidet bak nettutgåva av ordboka. Til første versjon av NO på nett har vi valt å prioritere funksjonalitet høgare enn design. Planen er å arbeide vidare med utsjå-

³ Ordbokshotellet inneheld lokale ordsamlingar i elektronisk form, saman med ordartiklar frå ymse leksikografiske kjeldeverk, slik som *Nynorsk etymologisk ordbok* (Torp 1919) og *Norsk landbruksordbok* (Rommetveit 1979). For meir informasjon om Ordbokshotellet sjå Tvedt, Lien og Eide (2007).


naden på sidene etter at første versjon av eNO er lagt ut og testa. Etter testing vil vi kunne gjere endringar i måten vi presenterer og legg til rette for søk, for å gjere treffprosenten endå høgare og brukarane endå meir nøgde.

3. Søkjevegar ved enkelt søk i eNO

Dei fleste brukarane av eNO, eller i alle fall dei som har minst kjennskap til ordboka frå før, vil truleg bruke funksjonen «enkelt søk». Denne funksjonen vil ha eit søkjefelt utan valmoglegheiter. Vi har som mål å lage ein søkjemekanisme for enkle søk som gjev flest mogleg brukarar treff på det dei er ute etter, men dette lèt seg ikkje nødvendigvis gjere så lett. Dels kjem det av faktorar som alle ordbøker må ta høgd for – som at brukargruppa er heterogen og at nokre brukarar truleg vil vere ute etter informasjon som nett denne boka ikkje er designa for å gje (t.d. gjev ikkje eNO opplysningar om gjeldande offisiell rettskriving). Men vi støyter også på ein del utfordringar knytte til særdrag ved verket NO, som skissert ovanfor. Det gjeld til dømes diskrepansar på ein del punkt mellom oppslagsformene i NO (som følgjer normalen frå 1938) og dei formene som høyrer til dagens norm. Endå meir krevjande er tilhøvet mellom oppslagsformene i standardisert nynorsk, og målføreformene som ein gjeven artikkel representerer, og som ofte skil seg heller mykje frå den normaliserte forma. Ettersom NO – og dermed eNO – også er ei dialektordbok, vil ein tru at mange brukarar vil vere opptekne av å finne ord og uttrykk frå talemålet ulike stader i Noreg. Korleis kan vi utforme eit søkjesystem som fangar opp flest mogleg søk på målføreformer, leier brukaren til rett normalisert lemma og samstundes viser fram tilhøvet mellom den målføreforma det blei søkt på og lemmaet?

Ein stor føremon for søkjesystemet er det faktumet at alle innhaldsartiklar i NO er kopla til ein artikkel i Metaordboka. Slik kan Metaordboka tene som nav i søkjesystemet, fordi mange formalt ulike inngangar til eit lemma er samla her. Korleis dette vil fungere i praksis, er illustrert i nokre konkrete søkjescenario i avsnitt 7. Figur 3 gjev eit oversyn over korleis søkjesystemet for enkle søk i eNO er tenkt å operere.

⁴ Metaordboka skil ikkje mellom homografe lemma som høyrer til same ordklasse, eller same genus for substantiv. Såleis ligg til dømes belegg på homografane **I singel** «småkorna stein, grov grus» og **II singel** «1. singelplate; 2. spel med éin deltakar på kvar side» i same metaordboksartikkel, medan adjektivet **V singel** har eigen artikkel i Metaordboka. For meir om Metaordboka sjå Svardal (2003) og Ore og Tvedt (2006).



Figur 3. Søkjevegar for enkle søk i eNO.

Nummera i figuren illustrerer rekkjefølgda søka opererer i. Når brukaren tastar inn eit søkjeord i rubrikken for enkelt søk, skjer følgjande:

- 1) Systemet søkjer etter ordet blant oppslagsformene i eNO, og samstundes også i oppslagsformene i *Nynorskordboka* (NOB) og *Bokmålsordboka* (BOB), som begge er kopla saman med eNO gjennom Metaordboka. Alle oppslagsord som svarer til søkjeordet i desse tre basane, gjev treff og blir viste i søkeresultatet. På denne måten vil ein brukar som søkjer på substantivet *jente*, få treff på ordartikkelen *gjente* i eNO (jf. det som blei sagt om denne forma i pkt. 2 ovanfor).
- 2) Om ein ikkje har fått treff, blir det søkt fleire andre stader i eNO-artiklane og i metaordboksartiklane. Det gjeld: a) Samansetjingsrekkjer inne i eNO-artiklar (forkorta SMS i figur 3). Desse er rekkjer med samansette ord som ikkje er definerte i NO, men berre lista opp under (ei tyding av) det grunnordet som utgjer førsteleddet i samansetjinga. Om søkjeordet er ei slik samansetjing, skal ein få opp den aktuelle grunnordsartikkelen der samansetjinga er førd opp. b) Målføreformer som er førde i eNO-artiklar. c) Alternative skriftformer som er førde i eNO-artiklar. Dette er former som ikkje fell saman med oppslagsforma, men som er eller har vore utbreidde i skrift. d) Oppslag på setlar i det elektroniske setelarkivet, som er kopla til dei grovlematiserte artiklane i Metaordboka. Oppslaget (eller overskrifta) på ein setel er nemleg ikkje alltid identisk med oppslagsforma i eNO (eller NOB eller BOB), og som vi skal sjå nedanfor, gjev det i nokre tilfelle høve til å fange opp søk som ikkje blir fanga opp på annan måte.

- 3) Om ein framleis ikkje har fått treff, blir det søkt i all tekst i eNO. Fritekst-søk vil til dømes kunne gje treff i unormaliserte sitat eller i oppslagsformer i eldre leksikografiske kjelder der ordet ligg føre.

4. Nokre moglege søkjescenario, problem og løysingar

I det følgjande skal vi gå gjennom nokre tenkte søkjescenario. Det er verdt å understreke at desse scenarioa er baserte på kva vi tenkjer oss at folk kan komme til å vilje søkje etter. Dei representerer med andre ord ikkje reelle søk. Når eNO er lansert for publikum, vil vi analysere korleis folk bruker søkjefunksjonen og om naudsynt justere søkjefunksjonen for å gje fleire relevante treff. Vi ser også for oss at informasjon frå søkjeloggar bør supplerast med andre undersøkingar som kan gje oss ein peikepinn ikkje berre om kva folk søkjer på og kva treff dei får, men også om kva dei faktisk var ute etter å finne då dei søkte.

4.1 Søkjescenario 1: «sjangle»

Brukaren tastar inn søkjeordet «sjangle» med føremålet å finne artikkelen for verbet som ein kan skrive slik i infinitiv på nynorsk og bokmål. Søkjeveg 1 i figur 3 fører for det første til treff på oppslagsforma *sjangle* i eNO, som er eit substantiv i hokjønn. Søket gjev også treff på verbet *sjangle* i NOB og BOB, som i Metaordboka er kopla til verbartikkelen **sjangla** i eNO (som nemnt i avsnitt 2 bruker NO *a*-infinitiv av verb, i tråd med 1938-normalen).

The screenshot shows two search results. The first result is for the word "sjangle" as a noun in the masculine gender. Below the word is a horizontal line and the text "innslag av striper i ty (Holla)". The second result is for the verb "sjangla" with the suffix "-a". Below this is a grey box containing a quote: "gå ustøtt, rava (ll.3a), skjaga (1a), vingla; (ôg:) halda på å falla; vakla" followed by two examples: "han sjangla mest sanselaus ut på sleen då han skulde køyre heim att (Mehl.Hall 231)" and "han (fekk) eit drag over nakken so han sjangla burtetter golvet (NFL110d 41)".

Figur 4. Søkjetreff ved søk på «sjangle»: artiklane **sjangle** og **sjangla**.

Søkjerultatet (figur 4) inneheld to artiklar, mellom dei verbartikkelen som brukaren ønskte å finne. Vi ser altså at sjølv om infinitiven i eNO-artikkelen endar på *-a*, kan vi ved hjelp av Metaordboka og koplingane til NOB og BOB lett fange opp søk der *e*-infinitiv blir nytta. Dette gjeld berre i dei tilfella der

ordet det blir søkt på står i NOB og/eller BOB. Om det ikkje gjer det, må vi stole på andre metodar.

4.2 Søkjesenario 2: «skjangle»

I dette tilfellet søker brukaren etter verbet *sjangla* med ei ikkje-standardisert skriftform (*skj* i staden for *sj*) og med *e*-infinitiv. Søkjeveg 1 i figur 3 gjev ingen treff, ettersom *skjangle* ikkje er oppslagsord korkje i eNO, NOB eller BOB. Rett nok har eNO ein tilvisingsartikkel **skjangle** som viser til **sjangla**, men *a*-infinitiven i oppslagsordet hindrar søket frå å bli fanga opp på dette stadiet. Søkjeveg 2 fører heller ikkje til treff, men søkjeveg 3 (fritekstsøket) gjev treff i feltet for spesifikasjon av eldre kjelder:

sjangla verb -a 

Eldre kjelder
H u *sjake*, A1 633 *skjangle*, A2 *skjangle* og u *skjaga*, R *skjangle*, R3

gå ustøtt, rava (ll,3a), skjaga (1a), vingla; (ög:) halda på å falla; vakla 

han sjangla mest sanselau ut på sleen då han skulde køyre heim att (Mehl.Hall 231)
han (fekk) eit drag over nakken so han sjangla burtetter golvet (NFL11Ød 41)

np 

ein trøyt natranglar kom skjangle etter gata (Forsb.DNR 71)

Figur 5. Søkjetreff ved søk på «skjangle»: artikkelen **sjangla**.

I feltet «Eldre kjelder» i artikkelen **sjangla** er det ført opp at kjelda A¹ (dvs. Aasen 1850) fører ordet på side 633 med forma *skjangle*. Via denne forma får brukaren opp nett denne artikkelen (og berre denne). Vi ser for øvrig at skriveforma med *skj-* også er attestert i eit av døma i artikkelen. Ein kan sjølv sagt hevde – med rette – at vi i dette tilfellet er heldige, ettersom det var langt frå gjeve at forma *skjangle* skulle dukke opp i artikkelen i det heile. Dette er likevel ein illustrasjon av at det gjeld å nyttiggjere seg informasjon i mange delar av artiklane ved søk i eNO.

4.3 Søkjesenario 3: «sjaundeferd»

Her søker brukaren på det samansette ordet *sjaundeferd*. Søkjeordet fell saman med den normaliserte forma av ordet. I og med at det ikkje finst ein artikkel med dette som oppslagsord korkje i eNO, NOB eller BOB, gjev ikkje søkjeveg

1 noko resultat. Derimot er ordet nemnt saman med andre samansetjingar i artikkelen **sjaunde-**, som er ein føreleddsartikkel som gjev opplysningar om i prinsippet alle ord som har dette føreleddet. Dette blir plukka opp av søkjeveg 2, og søkeresultatet må i dette tilfellet bli føreleddsartikkelen **sjaunde-**:

sjaunde-



til *sjaund*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d
sjaundedag, sjaundeferd, sjaundeveitsle, sjaundeøl

Figur 6. Søketreff ved søk på «sjaundeferd»: føreleddsartikkelen **sjaunde-**.

I tilfelle som dette, der søkjeordet står inni ein artikkel, bør treffet uthevast eller markerast med ein særskild farge, slik at brukaren lett ser nett det ho var ute etter å finne.

4.4 Søkjesenario 4: «sjondarbåt»

I dette scenarioet søker brukaren på «sjondarbåt», som er ei målføreform (attestert frå Hålandsdal i Hordaland) av det lemmaet som i NO er normert **sjaunde-båt**. I mange tilfelle vil det truleg vere naturleg for brukarane å søkje på dialektord i den forma dei er vande med å høyre og bruke, fordi dette ofte er ord som ein til vanleg ikkje ser i skrift. Her gjev søkjeveg 1 ingen resultat, men søkjeveg 2 vil gje treff på oppslaget på den eine setelen frå Hålandsdal der forma *sjondarbåt* er brukt. På papirsetelen er *sjondarbåt* førd som tentativ normalisert form av innskrivaren, og denne forma er førd vidare som oppslag då papirsetelen blei digitalisert, slik vi ser i figur 7, som gjev att eit utsnitt frå Metaordboka der denne eine setelen er markert:

Oppslag	Grammatikk	K-status	Antal
☐ sjaund*e*båt	m	ok	2
☑ sjondarbåt	subst mask ubf sg appell	ok	
☐ sjundar-båt	m	ok	

Figur 7. Metaordboksartikkelen **sjaundebåt**; setelen med oppslaget *sjondarbåt* er markert.

Via Metaordboka kjem ein då fram til artikkelen **sjaundebåt**, som representerer det lemmaet søkjaren var ute etter:

sjaunde-båt substantiv, hankjønn



båt brukt til likferd, sjaund (SHI R, Hålandsdal)

Figur 8. Søkjetreff ved søk på «sjondarbåt»: artikkelen *sjaundebåt*.

4.5 Søkjesenario 5: «sennagress»

Dette scenarioet liknar mykje på det førre. Igjen søker brukaren på ei målføreform, «sennagress», som er attestert frå Vardø i Finnmark. Lemmaet det er snakk om, er i NO normalisert *sine-* eller *senne-gras*. NOB har oppslaget *sennegras*, medan BOB har *senne-gras* eller *-gress*. Som vi ser, fangar ingen av desse oppslaga opp den forma brukaren søker på. Men med søkjeveg 2 blir det igjen treff, her i form av eit oppslag i Ordbokshotellet, som er éin av ressursane som er samla i Metaordboka (sjå avsnitt 3). I figur 9 er det aktuelle oppslaget det fjerde nedanfrå. Det dreier seg om eit oppslag i Støme (1994), ei ordsamling frå Vardø.

Oppslag	Grammatikk	K-stat...	Antal
☐ sine*gras	n	ok	31
☐ senagras	subst nøyt ubf sg appell	ok	
☐ senegras	subst nøyt ubf sg appell	ok	
☐ senegras	subst nøyt ubf sg appell	ok	
☐ sen-gras	subst nøyt ubf sg appell	ok	
☐ sennegras	Ukjent	ok	
☐ sennelgras el. ~gress	Ukjent	ok	
☐ sinegras	n	ok	
☐ sinagras		ok	
☐ sennægras		ok	
☐ sennagress	n.	ok	
☐ senngræs	n.	ok	
☐ sennegras	subst nøyt ubf sg appell	ok	
☐ sinegras	n	ok	

Figur 9. Utdrag av metaordboksartikkelen *sinegras*; oppslaget *sennagress* er markert.

Også i dette tilfellet får altså brukaren treff på den artikkelen ho var ute etter, nemleg denne:

sine- eller **senne-gras** substantiv, inkjekjønn

1. BOTANIKK, plante(art) i storfamilien; *Carex vesicaria* (VSO; Snåsa, Velfjord, Rødøy, Skånland, Nordreisa; J.LidElvenNF 1020) ✕
gjetorde för ut yver verda som eld i sennegräs (KohTB 13)

2. (myr)gras el stort som blir turka og brukt som isolasjon i kommagar og anna skoty (Forsand, Nesna, Korgen, Fauske, Gratangen) ✕
inni kommagan bruka di tørt, mjukt senngræs, og då e di godt beskjetta på føten (Håloygm 1962,76)

3.

a. eit slag gras som veks tett; (òg:) sine (II,1a) (Sande på Snm, Ulstein, No A2, Beiarn, Vardø)

b. tettegras (Hetland)

c. namn på plante(arte)n kornstorr (No R4)

Figur 10. Søkjetreff ved søk på «sennagress»: artikkelen **sine-** eller **sennegras**.

4.6 Søkjescenario 6: «sennagras»

Til slutt vil vi sjå på eit meir problematisk, men ikkje urealistisk, søkjescenario. Brukaren søker på «sennagras». Dette er ikkje oppslagsform i eNO, NOB eller BOB, og ein finn det heller ikkje brukt som oppslag på setlar eller andre ressur sar kopla til den aktuelle artikkelen i Metaordboka. Heller ikkje eit fritekstsøk hjelper oss i dette tilfellet, og søket gjev dermed ingen treff. Det hjelper lite at forma *senna-* er førd opp som målføreform i føreleddsartikkelen **II sine-**, der nettopp opplysningar om samansetjingar av typen *sennagras* er samla:

II sine-

Målføreformar (målførevariasjon annan enn lik oppslagsord eller sjølvgeven)

sine-
 Ulstein
sene-
 No R4
sena-
 Forsand, Sauda
sen-
 No A2, Korgen, Beiarn
senn-
 Fauske, Senja
senna-
 Nesna, Gratangen, Vardø

til II sine

Figur 11. Føreleddsartikkelen **II sine-** med målføreformar.

Det er svært viktig kva informasjon brukaren får i dei tilfella der søket hennar ikkje gjev noko treff. Ho bør få informasjon om normeringsprinsippa som ligg bak forma på oppslagsorda i eNO (vi kan ikkje forvente at alle brukarane av eNO har eit reflektert forhold til tilhøvet mellom målføreformer og normaliserte standardformer). Samstundes bør ho få tips om meir avanserte søkje-strategiar som kanskje kan hjelpe henne å finne rett artikkel. I tilfellet med *sennagras* vil til dømes eit trunkert søk på «senn%øgras» føre fram.

8. Konklusjon

NO er ei ordbok der artiklane har ein kompleks og informasjonstett struktur. I tillegg føreset den prenta utgåva at brukarane har ein viss kompetanse i norsk målførevitskap og ein viss kjennskap til normutviklinga i nynorsk (jf. til dømes at ordboka ikkje fører sjølvgevene målføreformer, og at verket er redigert etter 1938-normalen). Formidlinga av dette ordboksmaterialet til eit breitt publikum er ei utfordring, og vi må gjere ein god del tilpassingar av informasjonsstrukturen og presentasjonen av artiklane i eNO. Søkjescenarioa vi har sett opp her, viser at den fullelektroniske ordboksbasen og dei elektroniske koplingane mellom artiklar og underliggjande grunnlagsmateriale likevel gjev oss eit godt utgangspunkt for å tilby brukarane god søkjefunksjonalitet og relevante treff. Redigeringsapplikasjonen er utvikla av informasjonsteknologar ved EDD, som også står for utviklinga av nettversjonen eNO. Fordi redaksjonen og EDD står i eit fortløpande samarbeids- og utviklingsforhold, kjenner både leksikografane og informatikarane form, innhald og søkjefunksjonalitet i dei mange samankopla basane og i ordboksapplikasjonen. Dette gjer utviklingsarbeidet lettare.

eNO blei lansert i ein testversjon med alfabetbolken *i-skodda* 15. mars 2012. Neste steg i arbeidet med eNO vil vere å teste denne førsteversjonen på eit større publikum og bruke responsen vi får attende til vidare arbeid med utsjånad og funksjonalitet i eNO.

LITTERATUR

- Aasen, Ivar 1850: Ordbog over det norske Folkesprog. Kristiania.
 BOB = Bokmålsordboka <<http://www.nob-ordbok.uio.no>> (september 2011)
 eNO = Nettutgåve av Norsk Ordbok. Testversjon: *i-skodda*. <no2014.uio.no> (april 2012)
 Tvedt, Lars Jørgen, Elisabeth Lien og Øyvind Eide 2007: Ordbokshotellet – varig lagring og formidling av norske ordsamlingar. I: Torben Arboe (red.) Nordisk dialektologi og sociolingvistik: foredrag på 8. Nordiske Dialektologkonferanse, Århus

- 15.–18. august 2006. S. 379–388. <www.edd.uio.no/artiklar/leksikografi/Ordbokshotellet.pdf> (september 2011)
- NO = Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. 1966–. Oslo: Det Norske Samlaget.
- NOB = Nynorskordboka <<http://www.nob-ordbok.uio.no>> (september 2011)
- Ore, Christian-Emil Smith 2001: Metaordboken – et elektronisk rammeverk for Norsk Ordbok? I: Martin Gellerstam et al. (red.): Nordiska studier i leksikografi 5. Rapport från Konferens om Lexikografi i Norden, Göteborg 26.–29. maj 1999. S. 202–216.
- Ore, Christian-Emil og Lars Jørgen Tvedt 2006: Digital sats eller digital satsing? I: Henrik Lorentzen og Lars Trap-Jensen (red.): Nordiske studier i leksikografi 8. Rapport fra Conference om Leksikografi i Norden Sønderborg 24.–28. maj 2005. S. 315–322.
- Rømmetveit, Magne (red.) 1979: Norsk landbruksordbok. Band 1–2. Oslo.
- Skard, Matias 1954: Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlæring. Femte utgåva. Oslo.
- Støme, Oddvar 1994: Vår eigen stemme. Tartu.
- Svardal, Terje 2003: Norsk Ordbok – om normering av Metaordboka. I: Zakaris Svabo Hansen og Anfinnur Johansen (red.): Nordiske Studier i Leksikografi 6. Rapport fra Conference om leksikografi i Norden Tórshavn 21.–25. august 2001. S. 351–356.
- Torp, Alf 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.

Sturla Berg-Olsen

Norsk Ordbok 2014

sturla.berg-olsen@iln.uio.no

Åse Wetås

Norsk Ordbok 2014

ase.wetas@iln.uio.no